Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Nord Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Egge

Emne: Folkelege musikkinstrument

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Aune

Gard:

(adresse): Sneve pr. Steinkjer

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Nils Bartnes 70 år Egge. Skreddar, spelemann.

SVAR

A. Vanlege musikkinstrument.

1. Det mest vanlege musikkinstrument som har vori i bruk her i bygda er fela. „Fiol" heiter det her og er ein variant eller forståtting av fiolin. Hardingfele skal det vera berre ein som har her.
Salmodikon var brukt i skulen i førre hundreåret. Læraren spela på salmodikon når dei song. Elles er det kjent at berre ein til hadde salmodikon og spela litt på den.
Lur vart før i tida bruka av gjætarar.
Seljefløyte laga gjætargutar og før i tida.
Tromme vart brukt somtid.
Likeeins vart bukkehorn nytta.
Dei andre instrument som er nemnd under spørsmål 1 er ikkje kjent brukt her.

2. Når instrumentene kom i bruk her, kjenner ein ikkje til no. Men nokre kom ut av bruk med kvart. Etter år 1900 har salmodikon vori lite og inkje brukt. Fela heldt mest på å bli fortrengd av

940

trekkspelet i 1880–90-åra, men kom snart att til heider og nyrdnad.
Lûren og bukkeharn har komi av brûk for fleire år sia. Er vel sjeldan brûkt etter 1900. Tromme har heller ikkje vori i brûk etter 1910, ûtan i orkester da.

3. Her i bygda har ikkje vori nokon som har drivi som instrûmentmakarar. Kan einast nemna at ein bonde laga seg ei fûllt ût brûkande fele eingong omkring 1920. Men i granne bygda–Stad er ein kjent, flink felemakar. Ingolf Eli, heiter han, er invalid men har laga omkring 120 feler. Dessûtan har han reparera ~~...~~ ei mengd med feler.

4. Lûrane som gjætarane brûka vart laga av older bark (gråor) Dei var rûlla i hop i spiral. Lûrar laga av tre, kjenner ein ikkje til er brûkt her Heller ikkje krôkte lûrar.
Bukkehornet, som her var i brûk, hadde 2–3 fingerhol, og ei tunge skori av einer låg over den ovale opninga i munnstykke. På desse bukkeharn kunne ein spela nokre heint framme melodiar, som t.d. „Storede Jakob og langede smed."
På ein gard i bygda hadde dei ei tid omkring 1870 ein såkalla „halvmåne", som dei brûka tûte i for å kalle folket heim til måltida. (Sjå tillegg tilslutt)

5. Føri tida vart mûsikkinstrûmentene laga av heimslege emne. Seinare er materiale til feler ført inn frå Tyskland.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

6. Har ikkje lykkast å få kjennskap til framgangsmåten med framstillinga av instrumenter.

7. Før var det tarmstrenger som vart nytta. For omlag 60 år sia byrja metalstrenger kom på bruk. Ein kjenner ikkje til at spelemennene laga strenger. Og her i bygda var ingen serskilde strengemakarar. Strenger vart, så lenge folk minnes, kjøpt i forretningar i Steinkjer. Men det bli fortald at det er ikkje utrulig at finnane (samene) laga tarmstrenger. Dei laga ihvertfall senetråd. Denne spann dei på kinnet sitt, dei la sena inntil kinnet og drog handflata nedover kinnet og spann eller trimma tråden på denne måten.

8. Nei ein veit ikkje noko om at instrumentet har vorti brigda noko frå det først kom i bruk i bygda.

9. Før i tida når dei spela fele låg ha ned på brystet, og dei heldt henne med handa. Når dei sat spela, kvilte handa mot låret. No held dei fela med haka, så handa bli meir fri. Tromma vart bruk til å kalle saman folk til auksjoner og når ungdomen skulle samlast til sprang og leik på leikarvollen t.d. pinselaurdagskvelden.

10. Variantar som nemnd under spørsmål 10, er ikkje kjent her.

11. Var gjerne slik at instrumentene

var prydd med utskjeringar og dusker.

12. Kjenner ikkje til at det er knytt noko overtru eller regler i samband musikkinstrumentene.

13. Den første kjente spelemann her i bygda, som folk minnes, var Andreas Olsen Oksås. Han levde i tida 1823 til 1891. Oksås hadde slike sjeldne namn på slåttene han spela. Det var „Losbläin", „Råkhallingen", „Raveldalen" og „Storpetter på bakka". Men ein veit ikkje no om dette var sjøllaga slåttar. Truleg var det berre namna som var sjøllaga.
Oluf Hommes var ein flink felespelar. Han var analfabet og skjøna ingenting av noter, men kunne spela mest kva slags slåtter det var. Hommes levde til omkring 1940 og var da mellom 80-90 år gammel.
Jon Jule var og ein kjent og flink musikker. Han komponerte slåtter sjøl. Laga ein vals ei natt han sat i fjøset og passa ei ku som var sjuk. Denne valsen som har vori mykje brukt, kalla han „Kuvalsen".
Jule døde 1946 over 80 år gammel.
Av nolevande flinke felespelemenner er Jarle Råen, Sunnan og Oskar Strindmo, Sunnan.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## B: Byinstrument.

1. Spinett, cello, citer, guitar, klarinett, messinghorn har vori i bruk, men ikkje i serleg stor mun.
2. Spinett vart nok brukt mest berre hjå dei „kondisjonerte“
   Trekkspel har vori mykje brukt og paritinet vart ei tid før og like etter århundreskiftet nytta når ungdomane heldt danseleiker på gardane.
3. Det kom med kvart ny musikk til bygda, og det er truleg noko av det kom med desse byinstrumenta. Gamle slåtter vart og spela på desse instrumenta, serleg på trekkspel.

## C. Larminstrument.

1. Av slike har her i bygda vori brukt noko dei kalla „kråkeskramle“.
2. Kråkeskramle var laga av tre, var 30-40 cm. langt.
3. Korleis dette instrumentet elles såg ut, har det ikkje nytta å få skikkeleg greide på slik at eg kan rekonstruera det.
4. Kråkeskramle vart brukt til å skremma bort dyr.

## D.

Mellomalderlege musikkinstrument har det ikkje lykkast å få spurlag på her i bygda.

I bygdeboka Stod i fortid og nutid som omfattar gamle Stod, som forutan det noverande Stod var Kvam og Egge kommunar, skriv konservator O. Nordgård:

„I eldre tid hadde gjætergutten med sig i skogen enten et bukkehorn eller en lur. Man trodde, at udyrene flygtet for låt av disse instrumenter. Av bukkehornet kunde ikke fremlokkes serdeles skjønne toner, men lurtonen hørte med til den gamle skogromantik. Min far hadde i sin ungdom en lur som var 3½ alen lang. (Nordgårds far født 1824.) Den var gjort av av en mand i bygden. Den var av gran og surret med tei, d.v.s. fine trærøtter. Til surring anvendtes tildels også næver. Omkring 1870 begynte lurene at gå av bruk, og man fikk horn av jernblik, de så-kaldte halvmåner."

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Den „halvmåne" eg nemnde i emne nr. 6.
folkelege musikkinstrument, var ein
min far fekk da han var gutunge.
Far er nå 85 år. Og „halvmånen" fekk
han av ein mann i Steinkjer. Kor
den opphavleg var komi frå, er ikkje
kjent.
Denne halvmånen var 50-60 cm. lang.
Ein laga lyden med lippone med å
blåse i han.
Kjenner ikkje til at det nå finns
nokon slik „halvmåne".
Eg har her laga eit riss av „halvmånen"
slik eg trur han såg ut etter det som
er meg fortalt.



940

20/2.49 2724